

Fylket seier ja til elveutbygging !

Steinsdals- og Øystesevassdraget kan overførast til Samnanger.

Av ÅSMUND SOLDAL

Med dette vedtaket tilrår fylkesutvalet i Hordaland at BKK kan søkja om konsesjon.

Dermed har fylkespolitikarane slutta seg til dei verdivurderingane og konskevensvurderingane som er lagde fram i ein rapport frå Direktoratet for naturforvaltning. Politikarane går også mot fleirtalet i det fylkeskommunale kulturog ressursutvalet.

I alt har BKK planar om å leia fire vassdrag frå Kvam og Vaksdal over til Samnangervassdraget. Og dersom dei vurderingane som er gjorde så langt, vert ståande etter høyringsrunden, kan BKK søkja om konsesjon for alle fire vassdraga.

Eit knapt fleirtal frå Høgre, Frp og KrF dankar ut dei sju representantane frå AP, SV, RV, SP og Venstre i fylkesutvalet. Mindretalet gjekk inn for å verna Steinsdalsvassdraget og Øystesevassdraget frå reguleringa.

Overføring og utbygging vil auka kraftproduksjonen i nedslagsfeltet med 107,5 millionar kilowattimar i året. Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til utbygging i delar området, og støttar såleis konklusjonane i DN-rapporten om Samnangervassdraget og Aldalselva.

I prosjektet ligg og nedlegging av eksisterande Frøyland kraftverk og bygging av nytt kraftverk i Aldalseleva. Tiltaket inneber mellom anna at vatn som tidlegare rann i Tysseelva til Samnangerfjorden, vert overført til kraftverket.

Hordaland Folkeblad 24. september 2004.

BKK møter kvemmingar !

Av ÅSMUND SOLDAL

Ein del grunneigarar og naturvernarar i Kvam ergrar seg over BKK-planane om regulering av Steinsdalselva og Øysteselva.

-Tysdag 5. oktober får dei sjansen til å sjå representantar for utbyggjaren rett i augo, seier Dag Rune Mo. Han opplyser at informasjonsmøtet i Norheimsund vert skipa til av Kvam Arbeidarparti. Talspersonar både frå BKK og miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen skal delta. Det same skal Klaus Rasmussen frå Vernelaget for vassdrag i Kvam. Mo seier til HF at Kvam Arbeidarparti er varm tilhengjar av auka utnytting av lokale vassressursar.

- Men ikkje på den måten som BKK legg opp til. Derimot har partiet ikkje noko mot små, lokale elvekraftverk. Gryto kraftverk i Telstø er såleis etter Ap sitt hjarta.

Mo har merka seg at det har vore eit liknande folkemøte i Vaksdal. Både der og i Samnanger er det tydeleg motstand mot prosjektet. BKK ønskjer å føra vatn frå to vassdrag i Kvam og to i Vaksdal over til Samnangervassdraget, der det etter planen skal koma ny kraftstasjon i Aldal. Frøyland kraftstasjon skal leggjast ned.
